

# Steg for steg



Kvalitetsplan for oppvekst i Etne kommune

2020-2024

## **1. Innhold**

<b>2. Bakgrunn og formål</b>	s.3
Visjon	s.4
Ambisjon	s.5
Verdiar	s.7
Inkluderande barnehage- og skolemiljø	s.7
MOT Etne	s.7
<b>3. Læring og utvikling</b>	s.8
Profesjonsutvikling	s.8
Kva rolle har leiinga i kvalitetsarbeidet?	s.11
Satsingsområde	s.12
Prinsipp for praksis	s.15
Tilpassa opplæring	s.16
Relasjonar	s.16
Lærande profesjonsfellesskap	s.17
Djupnekunnskap	s.18
10-faktor	s.19
<b>4. Betre samarbeid</b>	s.20
Overgang barnehage og skule	s.20
Forventningar til lærarar, elevar og foreldre/føresette	s.23
<b>5. Kvalitetssystem</b>	s.26
Resultatmål	s.27
<b>6. Litteraturliste</b>	s.29

## 2. Bakgrunn og formål

*Barna er framtida og vår viktigaste investering* er fyrste setning på kapittel to i Kommuneplanen i Etne. Dette er ein god start på eit kapittel som handlar om barn og unge.


Kvalitsplanen viser kva prioriteringar kommunen har gjort, og vil vera førande fram mot året 2025. Planen skal vera eit verkty for einingsleiarar og leiargrupper i avdelingane oppvekst og kultur, og fungera som eit grunnlagsdokument med gitte utviklingsområde når ein lagar handlingsplanar i sine eininger. Planen skal evaluerast årleg i samband med årsmeldinga. Dette er eit ansvar som ligg på einingsleiarane i samarbeid med kommunen, barnehage- og skuleeigar.

I denne planen blir det stilt forventingar til einingsleiarane, og den rolla som dei har når det gjeld barnehage- og skuleutvikling og kvalitetsvurdering. Einingsleiarane og leiargruppene har som hovudoppgåve å leggja forholda best mogleg til rette slik at barna får eit tilfredstillande læringsutbytte av opplæringa. Det blir også stilt forventningar til lærarar, elevar og føresette i denne planen. Me ynskjer å visa at me som kommune vil ha større merksemd på læring og utvikling. Samarbeid heim og eining vil vera med på å styrka læringa, og vera med på å gi eit større utbytte av opplæringa.



Barnehagane, skule og kultur er forplikta til å ta kvalitsplanen i bruk. Einingsleiarar, leiargruppene, lærarar, barnehagelærarar, tilsette i kulturskule og på SFO og andre tilsette må gi satsingsområda i denne planen eit innhald som fremmar utvikling av praksis. Planen skal gi støtte i det kontinuerlege arbeidet i å vidareutvikla praksisen for barn og unge i Etne. Når det i planen blir brukt uttrykk som pedagogar, lærarar eller tilsette, så omfattar dette alle som har barnehage, skule, skulefritidsordninga eller kulturskulen som arbeidsplass, og

som er i dagleg kontakt med barna. Denne planen skal gjelde for leik og læring i barnehage, undervisningstida i skulen, skulefritida og opplæringa i kulturskulen. Satsingsområda i denne planen tar utgangspunkt i den overordna delen til læreplanverket for grunnskulen. Dei ulike fagplanane vil gi rammer for fagleg innhald, grunnleggjande dogleikar i fag og vurdering, medan kvalitetsplanen vil gi føringer for ulike satsingar og prinsipp for læring, utvikling og danning som skal vera felles for alle barn i Etne.



Denne modellen viser Etne sine tre satsingsområde; Folkehelse og livsmeistring, utviklende læringsfellesskap og digital kompetanse. Det er også fire prinsipp som skal vera med å prega praksisen; tilpassa opplæring, relasjonar, lærande profesjonsfellesskap og djupnekunnskap. Innramminga for satsingsområda og prinsippa for praksis er visjonen; steg for steg og ambisjonen; heim og eining.

## Visjon

Lova om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa regulerer opplæringa i dei offentlege skulane og kulturskulen. Barnehagelova regulerer opplæringa i barnehagen.

I formålet med opplæringa i skulen (§1-1) står det i innleiinga:

*Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dørar mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

I formålet med opplæringa for barnehagen (§1-1) står det i innleiinga:

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

Dette viser at formålet med både barnehage og skule handlar om samarbeid og læring for å gjera ein klar for den store verda. Opplæringa skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Samstundes skal ein gi barna innsikt i kulturelt mangfald. barna skal møta trivsel og glede i leik og læring. Det skal vera ein trygg stad for fellesskap og venskap. Opplæringa skal fremma demokrati og likestilling og motverka alle formar for diskriminering, utestengning, mobbing eller trakkassering. Elevane skal ha medansvar og rett til medverknad.

Tilsette skal møta elevane med tillit, respekt, krav og gi elevane utfordringar som fremmar danning og lærelyst. Elevane skal utvikla kunnskapar, dugleikar og haldingar for å kunne meistre sine liv og for å kunne delta i arbeid og i samfunnet.

### **Visjonen for oppvekst og kultur i Etne er:**

- **Steg for steg**

Denne visjonen viser ein kommune som ynskjer utvikling, som tenkjer at me i samarbeid skal ta steg. Dette handlar om læring og det å setja barnet i stand til å ivareta seg sjølv og seinare delta i både samfunns- og arbeidsliv. Folkehelse og livsmeistring er ein del av den overordna delen, og vil vera sentral i visjonen vår. Dette handlar om å forstå og å kunne påverke dei faktorane som har noko å seia for eins liv, og korleis ein taklar medgang og motgang.

Einingane skal ta utgangspunkt i visjonen for oppvekst og kultur når dei lagar sine visjonar og sine planar.

### **Ambisjon**

Etne kommune satsar på barnehage og skule, og seier i kommuneplanen at barn og unge er dei ein må satse på om ein skal tenkje langsiktig. Me vil visa at dette må skje i eit samarbeid. Det er arbeid å lære, og det krev at både einingane og heimane er med i den grad dei kan slik at det blir til det beste for barnet. Skal ein bli flink til noko, så må ein øva, og slik er det også med det ein skal læra i barnehage, skule og kulturskulen. Me ynskjer at barnet skal læra korleis dei kan læra, og bli bevisst kva måte dei lærer best på. Barnehage og skule skal samarbeida med heimane om læringa til det enkelte barnet. Den som kjenner barnet best er

dei heime, foreldre og føresette, og då må me sikra oss at einingane i eit samarbeid med heimen får nok informasjon slik at dei kan leggja forholda til rette for ei god tilpassing. Pedagogane kan mykje om opplæring, om pedagogiske tilpassingar, men det kan vera andre forhold som det vil vera viktig å kjenna til om tilpassinga for det enkelte barnet skal bli best mogleg.

### Ambisjonen for opplæringa i Etne er:

- ***Samarbeid heim og eining***

I den overordna delen til læreplanen, så står det at om ein skal lukkast med å treffa med tilpassinga for den enkelte, så må ein ha ein god dialog med heimen. Dette samarbeidet skal vera med på å styrke læringa og utviklinga til alle born i Etne. Det er føresette som har hovudansvaret for oppseding og utvikling, og er dei viktigaste i omsorga for barna. Barnehagen og skulen har det overordna ansvaret for å ta initiativ til og leggja til rette for samarbeid. Haldningane har mykje å seia for barnet sitt engasjement for opplæringa og den innsatsen ein må leggja ned for og læra. Einingane må gi tydeleg uttrykk for kva ein som opplæringsarena tilbyr og kva ein forventar av heimen. God dialog har både einingane og heimen ansvar for.

Etne kommune ynskjer at det er ein god dialog med heimen. Målet er å skapa ein god dialog mellom heim og barnehage/skule slik at det er til det beste for det enkelte barnet. Samarbeid heim og eining er avgjerande for korleis læringsmiljøet for den enkelte blir. Det er dei tilsette i einingane som skal ta initiativ til samarbeidet, og har ansvar for å gjera avtalar med heimen.

Det er einingane som skal leggja godt til rette for eit samarbeid og ein god dialog. Dette skal skje på individnivå og på gruppenivå gjennom ulike råd og utval.

Undersøkinga til Ungdata viser at dei barna som har foreldre/føresette heime som set grenser, gjer mindre därlege val. Dei kjenner at det er nokon som passar på. I barnehage og skule treng me foreldre/føresette som er med på å leggje forholda godt til rette for god læring.

Einingane skal arbeide aktivt for å få både mor og far med i opplæringa rundt barnet.

God praksis er å:

- involvera heimen i det som angår barnet.
- sammen gjera gode avtalar rundt barnet.
- informera om det som skjer i eininga.
- ta initiativ til dialog og samarbeid med heimen.

## Verdiar

Etne kommune har verdiane trygg, raus og engasjert i botn og i desse verdiane ligg det ei felles forståing. Verdiane skal prega møta kommunen har med alle med opplæringstilbod i Etne. Våre haldningar, våre val og våre planar skal ta utgangspunkt i verdiane. Kvar eining skal i sin praksis bruke desse verdiane og gi dei tyngde slik det gir mening for dei i kvardagen.

- **Trygg** gjennom:
  - å setja grenser
  - å ha tru på kvarandre og det me gjer.
- **Raus** gjennom:
  - å bry seg, by på seg sjølv og dela.
  - å vera inkluderande, tilgjengeleg og ærlig.
- **Engasjert** gjennom:
  - deltaking og handling
  - dialog og aktiv lytting.



## Inkluderande barnehage- og skolemiljø

Barnehagane og skulane i Etne kommune har vor med i ei satsing i regi av utdanningsdirektoratet som ein har gitt namnet inkluderande barnehage- og skolemiljø (IBS). Denne satsinga går på å gje støtta i arbeidet med å laga trygge og gode miljø. Satsinga har vore samlingsbasert og ein har jobba i einingane med å laga gode prosessar for å sikra seg at dette arbeidet gjeld alle. Det å setja av nok tid, det å få alle med er krevjande. Kommunen ser at me treng meir tid, og sjølv om me nå ikkje er med på denne satsinga, vil me ta dette vidare i einingane sjølve. Grunnlaget er lagt, og me det skal lagast eit system der alle er med, der alle bidrar godt til eit trygt og godt miljø.

## MOT Etne

Det blei i 2019 skrivne nye avtalar med MOT. Nå har Etne kommune gått frå vera lokalsamfunn med MOT til å bli kommunen som samfunnsbyggjar. I tillegg skal ein utvida slik at det nå vil gjelde heile grunnskulen, ikkje berre ungdomsskulen som før. Skulen som samfunnsbyggjar forsterkar skulen si rolle som samfunnsbyggjar. MOT har tre verdiar; MOT til å leva, MOT til å bry seg og MOT til å seia nei. Dette er verdiar som kommunen ynskjer alle einingane tar med seg i arbeidet med barn og unge.



### **3. Læring og utvikling**

Læring og utvikling handlar om å finna dei tiltaka som er med på å ta oss vidare som eining. Dei store teoretikarane i tida meinar at om ein skal ha utvikling, så må ein ikkje berre utvikle den individualistiske tenkemåten, men arbeida for å utvikla ein kollektiv samarbeidskultur. Ein må sjå og tenkje heile eininga og leggja til rette for læring for alle. Skal ein lukkast i framtida, må ein ha fokus på å vekkja til live motivasjon og fremma læring blant dei som jobbar i organisasjonen, og dette på alle nivå.

#### **Profesjonsutvikling**

Ordet profesjonsutvikling kan knytast til det å vera ein lærande eining, det å skapa ein samarbeidskultur, ein felles ambisjon, refleksjon og forståing for arbeidet vårt (Senge, 1991). Det blir lagt vekt på profesjonsutvikling og skuleutvikling i den nye overordna delen. Her blir det også lagt vekt på det kollektive og det å utvikle heile skulen, eininga. Det å arbeide som pedagog og det å utvikle det profesjonelle skjønnet skjer både individuelt og saman med andre. For å kunne møte enkeltelevar og elevgrupper på beste måte, må lærarprofesjonen vurdere sin pedagogiske praksis heile tida.

Peter Senge seier litt om korleis ein som leiar kan arbeida for å få til utvikling. For at det skal kunne bli profesjonelle samarbeid må ein som leiar leggja til rette for dette. Leiaren må også ha legitimitet og god forståing av pedagogiske og andre utfordringar som lærarane og andre tilsette møter.

Det blir snakka om fem fagområde der det vil vera om å gjera at ein har ein del kunnskap og dugleik i. Kvart av desse fagområda har noko som vil vera avgjerande når ein vil skapa ei eining som ynskjer å læra og som stadig vil forbetra evna si til å nå høgare mål, ein lærande organisasjon. Fagområda handlar om korleis ein som medlem tenkjer, drøymer, samhandlar og korleis ein lærer av kvarandre.

#### *Personleg meistring*

Det å meistra noko vil seia å ha ein del kunnskapar og dugleikar. Einingane lærer berre ved at dei som jobbar der, mennesket, lærer. Det handlar om den indre veksten i den enkelte, den andelege veksten, visjonen til den enkelte. Ein må stadig jobba for å utvikla seg, kartleggja og arbeida fram sin eigen visjon, samla krefter, jobba tolmodig og oppfatta røynda på ein objektiv måte. Ein skule er avhengig av at den enkelte lærer, og ein må oppmuntre til vekst hjå alle tilsette. Dei som ikkje set seg mål, som ikkje ser framover, som ikkje samlar energi til arbeidet vil ikkje oppnå personleg vekst og læring. Dei som har høg grad av personleg meistring vil utvikle evna vidare til å skapa dei resultata dei ynskjer å oppnå. Ein snakkar om eininga si and og sjel.

For å koma vidare i utviklinga av seg sjølv må ein kjenne på, og læra seg korleis ein kan skapa og oppretthalda spenninga mellom der ein ynskjer å koma og der ein er akkurat nå. Dei som meistrar denne spenninga vil då læra.

### *Mentale modellar*

Dette handlar om korleis ein ser på verda, kva som opptar oss, kva som påverkar oss og kva tru og haldningar ein har til omgjevnaden. Her er det trua vår, meiningsane og våre tankebilete som vil påverke korleis ein ser verda og korleis ein handlar. Våre tankar og vår tru vil vera med på å fremma eller hemma måten me handlar på. Klarer ein å styra desse mentale modellane, justere alle indre biletene av verda, så vil dette gi oss energi og retning for gjennombrot i arbeidet med å skapa ei lærande eining.

Våre mentale modellar kan øydeleggja for forsøk på å fremme systemtenking. Viss ein ikkje granskar nærmare desse tankane og denne trua, så vil organisasjonen kun arbeida i eit område som er trygt og kjent. Ein må arbeida for å avsløra meiningsane og tru, slik at dette ikkje hemmar utviklinga vår som eining.

### *Felles visjon*

Her handlar det om å skapa eit felles bilet av den framtida ein ynskjer. Dette er meir enn nokre ord på eit papir, noko meir enn ein ide. Her snakkar ein om noko som driv ein framover, som gir ein lyst til å arbeida. Kva ynskjer ein å få til, skape saman? Mange har eigne visjonar, men det er her snakk om ein felles visjon, som alle i organisasjonen eig i den grad at det gir dei lyst til å fremma ilag. Ein må finna denne draumen ilag, slik at det blir ekte vilje til innsats og deltaking. Ein felles visjon har ofte utspring i frå personlege visjonar. Det skal vera rom for at alle kan koma med sine visjonar, og det kan vera eit bidrag mot ein felles visjon. Ein blir knyta saman om ein felles identitet og ein felles skjebne. Ein jobbar for å utrette noko som betyr noko for ein, noko som ein har tru på og som gir mening. Det er eit større fokus på me, vårt, enn meg og mitt.

Visjonen er ofte langsiktig, og dette gir ein krefter til å halde på over lang tid. Ein har eit ynskje om eit mål der framme, og samlar energi til dette.

### *Gruppelæring*


Grupper kan læra, og når ei gruppe lærer, så oppnår dei betre resultat, og den enkelte kjenner ein raskare personleg vekst enn elles. Det handlar om å tenkja i fellesskap. Tankar og idear i fritt spelrom i gruppa slik at ein kan koma til innsikt som ein ikkje kunne ha kome fram til åleine. Korleis gruppa fungerer, samhandlinga vil vera av stor verdi. Viss gruppa ikkje

kan læra, så kan heller ikkje ein som eining lære. Ein er avhengig av å få til eit effektivt samspel. Den felles visjonen må vera ei forlenging av den personlege visjonen. Ein treng kvarandre for å gjera det ein skal på ein best mogleg måte. Ein må læra å utnytte potensialet som fins i det å ha mange hjernar, mange som kan tenkja og bidra. Gruppa må kunne snakka saman på to måtar, meistre dialog og diskusjon. Her må ein vera bevisst, og nytte dei kretene som ligg i ein produktiv dialog og diskusjon i arbeidsgruppene.

## Systemtenking

Einingane våre er system og det handlar om å sjå heile biletet. Det handlar om å sjå mønstre, endringsprosessar, i tillegg til å sjå på relasjonar og korleis ein i eininga gjensidig påverkar kvarandre. Ein må sjå røynda som eit system av sirklar av påverknad. Det er ikkje rette linjer. Kvar sirkel fortel ei historie. Alle påverknadar har både årsak og verknad. I dag blir ein overvelta av kompleksitet, og systemtenkinga blir viktigare enn nokon gong. Einingane sit på meir informasjon enn dei kan fordøye og styre, og endringstakten er så rask at ein kan slita med å halda følgje. Systemtenking handlar om å organisera kompleksiteten til ei historie med samanheng der det blir kasta lys over årsaka til problema.

Systemtenking har fokus på dei strukturane som ligg bak dei komplekse situasjonane. Dette er sjølvre hjørnestenen som underbyggjer alle dei andre deloverskriftene. Ein må vera opptatt av å snu frå å tenkja deler til å sjå heilskapen, skapa ei framtid og aktive deltakrar. Alt heng i hop, og alt påverkar alt.



## **Kva rolle har leiinga i kvalitetsarbeidet?**

For at det skal skje ei utvikling, så må leiinga ha inngående kjennskap til undervisning og læring. Målet er å leggja til rette slik at barna kan få best mogleg læringsutbytte. Ein leiar i denne samanhengen er ein som når måla gjennom andre. I kvalitetsplanen blir det stilt forventingar til leiinga, og fokuset ligg på utviklingsarbeid og kvalitetsvurdering. Leiinga har ansvar for å utvikle ei felles plattform for det pedagogiske arbeidet, setja mål for utviklingsarbeidet og sjå til at det er barna sine faglege og sosiale læringsresultat som alltid er i fokus.

Det er viktig at leiinga motiverer tilsette til utviklingsarbeid, gir tilsette konkrete tilbakemeldingar på den jobben dei gjer og legg vekt på deling av erfaringar og kritiske undersøkingar av eigen praksis i det profesjonelle læringsfellesskapet. Leiinga har ansvar for å analysere resultat frå kartleggingar, observasjonar, samtalar, nasjonale prøvar, karakterar og elev- og foreldreundersøkingar.

Leiinga har ansvar for å leggja til rette for at alle tilsette kjenner til planar og rutinar for korleis ein skal følgja opp barna fagleg og sosialt.

Det er viktig at leiinga med sine leiarteam viser retning og set i gang gode prosessar i sine einingar. Poenget er å styra og mobilisera for engasjement og læring i eit trygt og utviklande læringsmiljø.


God praksis er å:

- utvikla ei felles plattform for det pedagogiske arbeidet
- setja opp mål for utvikling av barnehage, skule, SFO og kultur
- setja det faglege og sosiale læringsmiljøet og resultatet til barnet i sentrum.
- analysera resultat av ulike kvalitetsmålingar.
- følgja opp resultata med tilsette, barnet og heimen.
- setja i gong gode og systematisk tiltak for å betra resultatet av kvalitetsmålinga.
- motivera tilsette til utviklingsarbeid.
- sjå dei tilsette og gir dei gode tilbakemeldingar på den jobben dei gjer.
- leggja til rette for at dei tilsette skal få dela erfaringar, reflektera over eigen praksis i eit lærande profesjonsfellesskap.
- leggja vekt på å utvikla eininga med kompetanse og kapasitet.
- setja av tid til å gjera seg kjent med nyare forsking på opplæring og utviklingsarbeid.

## Satsingsområde

Me har valt å leggja vekt på tre satsingsområde fram mot 2025; Folkehelse og livsmeistring, utviklande læringsfellesskap og digital kompetanse. Desse står i samsvar med Kommuneplanen som er gjeldande, det som står i overordna del til den nye læreplanen for skule og det som står i rammeplanen for barnehage. Den overordna delen skal vera med å prega praksisen i heile grunnopplæringa. I rammeplanen til barnehagen står det om progresjon, at alle barn skal utvikle seg, læra og oppleva framgang. Dette ynskjer kommunen at alle einingane har med seg i planane.

BliZ er ei satsing i Etne kommune, og her er det ein samhandlingsmodell som er laga med tanke på å hjelpe barn. Det handlar om å bli sett, der ein i eit tverrfagleg samarbeid kan gi ei betre hjelp til dei som treng det. BliZ vil vera ei hjelp i satsinga her i denne planen på folkehelse og livsmeistring, tilpassa opplæring og samarbeid heim og skule.



## *Folkehelse og livsmeistring*

I Etne kommune sin kommuneplan blir det lagt vekt på at folkehelse skal vera eit av hovudfokusområda i samfunnssdelen. Det står vidare at me alle skal vera med på å førebu barna ved å sikra kunnskap og god helse. Oppveksten til barna skal vera prega av trivsel, tryggleik, aktivitet og me skal vera med på å skapa gode barndomsminne. Me ynskjer læring i alle einingane som legg forholda til rette for livslang læring. Det er leiinga som skal leggja til rette for at alle tilsette skal kjenna planar og rutinar i dette arbeidet, og laga det laget som må til rundt det enkelte barnet. I skulen har ein skulehelseteneste som skal ha ei aktiv rolle i dette arbeidet. Leiar har ansvar for å leggja forholda til rette for eit godt samarbeid.

I formålet med opplæringa står det at me skal arbeida for at barna utviklar kunnskap, dugleik og haldningars som gjer dei i stand til å meistra liva sine, og å bidra i arbeid og samfunn. Undersøkinga som Ungdata har gjennomfør dette året viser at me har elevar som strevar. Fleire seier at dei ikkje trivs på skulen. Nokon kjedar seg, andre kjenner på det at dei ikkje passar inn, nokon gruar seg til å gå på skulen og nokon seier lærarane ikkje bryr seg om dei. Me har elevar som skulkar, og fleire som er usikre på om dei kjem til å fullføre vidaregåande skule. Dette er svar frå ungdomsskuleelevar i Etne. Slik utviklinga er i Etne, så må me gi eit positivt bidrag i barnehage og skule som gjer barna i denne kommunen godt skikka for framtida. Me skal arbeid for å gi barna eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. Tidleg innsats i det å gi barna den ballasten dei treng vil vera avgjerande for kva som skjer vidare for den enkelte.

Folkehelse og livsmeistring skal vera med som tverrfaglege tema der ein skal arbeida med ulike problemstillingar frå ulike fag. Det handlar om å finna løysingar og å sjå samanhengar mellom handlingar og konsekvensar. Her kan fysisk og psykisk helse, levevanar, seksualitet og kjønn, rusmiddel, mediebruk, song og leik, forbruk og personleg økonomi vera tema. Meininga med livet, relasjonar, det å setja grenser, respektere andre, handtere tankar og kjensler og kva val ein tar høyrer også under dette temaet.

Livskvalitet og trivsel gjennom deltaking i eit fagleg og sosialt fellesskap gir tilhøyre og reduserer risikoen for psykiske og sosiale utfordringar. Det vil vera naturleg å sjå dette i samanheng med å utvikla fellesskapet barnehage og skule, det psykososiale miljøet og i arbeidet mot mobbing.

## *Utviklande læringsfellesskap*

Både barn og tilsette skal arbeida for eit lærande fellesskap der læring kjennes meiningsfylt. Barna skal få vera aktive deltakarar i si eiga læring. Saman med dei vaksne i barnehage og skule skal dei erfara meistring og få motivasjon til å læra meir.

Skulefritidsordninga (SFO) skal vera ein arena for læring, meistring, oppleving og allmenndanning, og skal vera ein del av skulen sin tenking av utviklande læringsfellesskap. I kommuneplanen står det at SFO skal vera helsefremmande gjennom trivsel, leik, fysisk

aktivitet og ernæring. I kommuneplanen står det at leiar for SFO skal ha formell kompetanse med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller høgare utdanning.

I overordna del står det at opplæringa skal bidra slik at barna reflekterer over si eiga læring, forstår sine eigen læringsprosessar og sjølvstendig tileignar seg kunnskap.

### Digital kompetanse

Digital kompetanse vil seia å kunne henta og behandla informasjon, vera kreativ og skapande med digitale ressursar, samt å kunne kommunisera og samhandle med andre i digitale omgjevnadar. Dette handlar om å løysa praktiske oppgåver på ein god og ansvarleg måte med digitale ressursar. I digital kompetanse ligg også det å utvikla digital dømmekraft ved å tileigna seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.

Teknologi gjer kunnskapen meir tilgjengeleg og tilpassa kvar einskild av oss. Det gjer at måtane me lærer på blir både endra, utbetra og forbetra. Barna er fødde i ei teknologisk verd, og teknologien er heilt naturleg for dei. Ved bruk av digitale løysingar kan læring tilpassast nivå og behov på ein ny måte. Teknologien tillet at ein utformar nye oppgåver som tidlegare ikkje var moglege. Barna skal gjennom læring av IKT vera betre i stand til å møta framtida. Alle barna vil møta iPad/nettbrett/pc i barnehage og skule, og dette stiller krav til det pedagogiske arbeidet og samarbeid heim og eining. Barna må utvikla kunnskap, dugleik og haldningar for å meistra liva sine og framtidig arbeid og fellesskap i samfunnet. Eit godt samarbeid heim-eining er viktig for å få barna til og forstå kva utfordringar dei er omgitt av når dei tar i bruk teknologi. Barna skal oppleva digital livsmeistring. I dette ligg det at dei skal ha eit reflektert forhold til opphavsrett, digital mobbing, kildekritikk, personvern, sosiale medier og alt dei må kjenna til når teknologien er ein del av kvardagen i heim og eining.




## Prinsipp for praksis

I denne delen vil me gi ei kort skildring av dei fire prinsippa me har valt ut i frå *Overordna del – verdier og prinsipper i grunnopplæringen* som er gjeldande for grunnskulen. Me ynskjer også at desse prinsippa skal vera leiande for praksisen for all opplæring i kommunen.

Prinsippa skal liggja til grunn for praksisen i einingane. Under alle prinsippa har me laga nokre punkt som viser ei forventning til praksis.

Dei fire prinsippa er:

- Tilpassa opplæring
- Relasjonar
- Lærande profesjonsfellesskap
- Djupnekunnskap



### *Tilpassa opplæring*

Opplæringa skal leggjast opp slik at me sikrar oss at alle barn får best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. Barna skal læra mest mogleg ut i frå sine eigne evner og føresetnadane. Dei skal bli møtt med realistiske læringsmål. Både dei barna som har utfordringar og dei som treng ekstra utfordringar skal ha tilpassa opplæring og oppgåver. Einingane skal møta barnet med positive forventingar, og opplæring som gir barnet tru på eigne evner. Ein må finne ut kva barn som treng litt ekstra hjelp og setja inn ekstra innsats så fort ein oppdagar dette. Pedagogane må ha ein dialog med leiinga om tiltak, slik at det blir rom for å setja inn gode tiltak til rett tid. Opplæringstilboden me gir barna skal kjennast fagleg, sosialt og emosjonelt meiningsfullt. Det skal vera rom for å bruka ulike læringsstategiar og ha ulik progresjon for å nå måla.

Barnet må få tid til å utforske djupna i ulike fagområde. Djupnelæring der ein tar omsyn til at barna er forskjellige og lærer i ulikt tempo, kan vera ein god måte å tilpassa for den enkelte. Ein må vite kva barnet kan frå før, korleis dei lærer og kva som skal til for at barnet tar nye steg. Det må vera lov for barnet å prøva og feila.

Vurdering av det enkelte barnet vil vera ei hjelp til å setja inn tiltak som er retta mot den enkelte og det nivået barnet er på. Vurderinga skal brukast for å fremme læring og utvikling, og om ein ikkje har ei systematisk bruk med konstruktive tiltak, så kan vurderinga vera med på å hemme læring og utvikling. Tilpassa opplæring handlar om at alle elevar skal få best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa.

God praksis er å:

- jamleg reflektera over kva som er god tilpassa opplæring.
- reflektera rundt korleis ein kan involvera elevane i opplæringa og vurderingsarbeidet.
- jamleg analysera sin eigen praksis og kritisk vurdera seg sjølv og kvarandre.

### *Relasjonar*

Einingane skal utvikla inkluderande fellesskap som fremmar helse, trivsel og lærdom for alle. Dette er det dei vaksne som skal ta ansvar og initiativ til. Einingane må jobba for å få til eit støttande læringsmiljø, ein positiv kultur der barna blir oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Dei vaksne må vera tydelege og omsorgsfulle, og i samarbeid med barna utvikle trygge læringsmiljø.

Alle tilsette, foreldre og føresette og elevane har saman ansvar for å fremme helse, trivsel og læring, og for å førebyggje mobbing og krenking.

Me veit at det å arbeida med relasjonar er viktig, og her må tilsette brukta tid til gode refleksjonar og dele praksiserfaringar slik at alle vaksne får gode tips av kvarandre i arbeidet med relasjonar. Mange er gode på å byggja relasjonar, men for å sikra oss, så må einingane øva slik at dei saman kan finna gode strategiar. Er det barn som utfordrar ein i rolla, så er det

den tilsette som må finna gode måtar å få ein god relasjon til barnet. Det å treffa barnet i nye situasjonar, i eit anna rom, ein plass der barnet kjenner seg trygg, kan vera starten. Den vaksne må arbeida for å få ein god relasjon og sjå etter moglege situasjonar ein kan nytta.

God praksis er å:

- gi god tilbakemelding på det arbeidet barnet gjer.
- vera positiv og forklara slik at barnet forstår.
- motivera til arbeid og gi ros.
- sjå barnet og visa omsorg
- vera rettferdig
- brukar varierte arbeidsmetodar
- visa gode rutinar og reglar som fremmar eit trygt læringsmiljø

### *Lærande profesjonsfellesskap*

For at det skal skje ei utvikling for opplæringa, må ein leggja forholda til rette for å utvikla fagleg, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kollega. Det å utvikla det profesjonelle skjønnet skjer både individuelt og saman med andre. For å ha ei god fagleg dømmekraft treng ein jamnleg oppdatering. Ein må vurdera sin pedagogiske praksis for å møte barna best mogleg. Einingsleiarane må setja av tid og ha ein god plan for utviklingstida. Alle tilsette må aktivt ta del i det lærande profesjonsfellesskapet dei er med i for å vidareutvikla eininga.

Skal ein bli betre i dei rollene ein har, så må ein våga å sjå seg sjølv og reflektera rundt sin eigen praksis. Tilsette kan spegla seg i barnet. Det er dei vaksne som må tilpassa seg, finne dei kreative løysingane for å få eit godt læringsmiljø i eininga. Vanskelege pedagogiske utfordringar har ikkje sikre svar, og det krev at den tilsette brukar vurderingsevna si. Samarbeid og refleksjon rundt planlegging og vurdering av opplæringa, utviklar ei rikare forståing av god pedagogisk praksis. For å bli betre må ein sjå på detaljane, akkurat som ein skiløpar studerer skitak for skitak, må tilsette sjå seg sjølv og det ein gjer i ulike situasjonar.

Einingane skal leggja til rette for refleksjonar, samarbeid om praksis for å sikra seg at ein er samstemt i korleis ein vil ha det i eininga. Dei tilsette er rollemodellar for barna, og skal vera med på å skapa trygge miljø.

Leiinga ved einingane skal vera førande i det pedagogisk arbeidet, og leggja til rette for eit godt lærande profesjonsfellesskap.

God praksis er å:

- sikra at nye tilsette får støtte og rettleiing.
- setja av tid og ressursar til kontinuerleg utviklingsarbeid der alle er med.
- vera engasjert i å setja mål for eiga læring.
- vurdera seg sjølv.

- knyta saman praksis med teori, utfordre eksisterande praksis.
- arbeida for fellesskapet barnehage og skule.


### Djupnekunnskap

Ein snakkar i dag mykje om djupnelærings, det å ha fokus på å læra noko så godt at ein forstår samanhengar og kan bruka det ein har lært i nye situasjonar. Dette handlar om å utvikla kunnskap og varig forståing av omgrep, metodar og samanhengar i fag og mellom fagområde. I dette ligg det å reflektera over eigen læring og bruka det ein har lært på ulike måtar i kjente og ukjente situasjonar, åleine eller saman med andre. Den teknologiske utviklinga i dag har ført til at ein har enkel tilgang på informasjon uavhengig av tid og stad. Læring av faktakunnskap har ikkje lenger den same meininga når ein ved hjelp av eit tastetrykk kan få ny informasjon.

Djupnekunnskap handlar om å utvikla kompetanse om denne læringa, slik at ein kan leggje til rette for djupnelærings for barn og unge. Det må vera eit fokus på kva barna skal læra, men også korleis. For å finna ein djup forståing, må barna arbeida med ulike fag/emne i samanheng, og kanskje også samtidig. Ein må ta utgangspunkt i den kunnskapen som barnet har, og byggja progresjon slik at barnet heile tida kan relatera seg til innhaldet i økta.

God praksis er å:

- arbeida med lærestoff over tid
- ta utgangspunkt i kjerneelementa i faga
- arbeide tverrfagleg
- brukar refleksjon, problemløysing og ideskaping i nye situasjonar og på tvers av kunnskapsområde.



## 10-faktor


Etne kommune har bestemt at alle einingane skal bruka 10-faktorundersøkinga som KS i samarbeid med professor Linda Lai har utvikla. Denne er laga for kommunar og fylkeskommunar. Undersøkinga er laga for å vera eit bidrag i målretta utviklingsarbeid, ei kvalitetssikring av det arbeidet me gjer i dei ulike einingane. Dei ulike faktorane ligg her i modellen som fotavtrykk under modellen med satsingsområda og dei ulike prinsippa, då me meinat at desse faktorane skal vera ein del av dei stega me skal ta for å utvikle oss i einingane. Desse faktorane handlar i store trekk om den tilsette si rolle, tillit til eigen kompetanse, kva tillit ein opplever å få, støtte frå leiar til meistring og utvikling og forventingar og støtte frå kollega.



## 4. Betre samarbeid

Læring startar før ein er fødd, og skal ein leggja forholda best mogleg til rette for det enkelte barnet i Etne, så må alle einingane arbeida saman. Samarbeid er når alle partane deltar, og har eit bidrag. I denne delen ynskjer me å visa at foreldre og føresette er dei viktigaste for at me skal lukkast. I eit samarbeid med barnehage og skule skal ein finne dei beste tiltaka for å ta nye steg i læringa.

Dette er det førskulebarna har av tankar når dei tenkjer på det å starta på skulen:



## Overgang barnehage og skule

Viktigare enn nokon gong er det å få på plass eit større samarbeid mellom barnehage og skule. Dette handlar om å få tidleg innsats inn så fort ein ser at det er barn som strevar og å få ein god overgang mellom barnehage og skule for å betre tilpassa for det enkelte barnet i skulen. Det er vedtatt ein plan for overgang barnehage og skule, og her er det einingsleiarane som har ansvar for at planen blir tatt i bruk. Tilsette i barnehagen sit på mykke kunnskap rundt det enkelte barnet som skulen må sikra seg å få kjennskap til før

barnet startar i skulen. Det er pedagogar som jobbar både i barnehage og skule, og her vil ein ha noko å læra av kvarandre.

Det er barnehage- og skuleeigar som har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeid.

Planen for overgang barnehage og skule skal vera ein overordna plan som sikrar at alle barn i Etne får eit likeverdig møte med skulen uavhengig kor dei bur.

## Mål

- At barnet før skulestart er kjent med skulen det skal byrja på, SFO ved skulen og barna det skal gå i lag med.
- Barnehagelærar og lærar har felles møteplassar for forventingsavklaringar, kompetanseutvikling og felles planleggjing
- Barnehagelærar og lærar har kjennskap til kvarandre sine arbeidsområde
- Føresette kjenner skulen og skulen sitt innhald
- Føresette godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har høve til aktiv medverknad
- Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule
- Det er heilskap i opplæringsløpet



## Årshjul for overgang barnehage – skule:

Einingsleiarane i barnehage og skule skal samarbeide om dette arbeidet. I årsplanen skal kvar skule leggje opp til ei bli kjent-ordning mellom nye første klasse og det klassesteget som høver best. Tilbodet skal fordelast over året før skulestart.

Tidspunkt	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Deltakarar	Kommunal plan punkt
September året før skulestart	Laga årsplan for innhaldet i overordna plan.	Styrar/rektor	Ped.leiar og lærar for 1.klasse.	4.1
Vår	Dialogmøte, hospitering i barnehagen	Rektor/styrar	Vurderer for born med særskilte behov.	4.2
mai/juni+ aug/sept	Orienteringsmøte på skulen	Rektor/kontaktlærar	Rektor og kontaktlærar.	4.3
mai/juni	Overføringsmøte i barnehagen/skulen	Rektor/styrar	Ped.leiar, 1.klasselærar og PPT ved behov	4.4
Minimum ein gong pr.halvår	Felles styrar-/rektormøte	Pedagogisk rådgjevar	Rektor/styrar	4.6

Planen legg opp til at alle barn som skal byrja på skulen året etter (5-åringane), skal ha tilbod om minst 24 timer møte på skulen. Inkludert skal vera minst eitt besøk på SFO. I denne modellen er det laga ein kort versjon av overgangen, og det blir vist til punkta i den kommunale planen for overgang barnehage-skule.

Kommunen ynskjer å presisert at det er lærar for den kommande 1. klasse som skal vera med i møta med barn og barnehage. Dette betyr at leiinga ved skulane må tenkja langsiktig, og ha lærar på plass slik at me sikrar oss at dei får vera med på ordninga overgang barnehage –skule.

## **Forventningar til lærarar, elevar og foreldre/føresette:**

For at det skal vera eit godt læringsmiljø for alle barn i Etne, og gode prosessar mot det å få eit lærande profesjonsfellesskap, har kommunen i samarbeid med skulane, elevråd og FAU laga nokre kriterier. Sjølv om dette er prosessar som har vore i skulen, så ynskjer me at dette skal vera med å prega alle tilsette i barnehage, lærarar, elevar og foreldre og føresette i Etne. Desse punkta skal visa retning og seia noko om korleis me vil ha det. Me har jobba med å finna ei felles forståing i kva som ligg i det å vera lærar, elev og det å vera foreldre/føresett. Dette har vore ein prosess mellom kommunen, skulane, elevråd og FAU.

Desse forventningane vil vera med på å forsterke det samarbeidet kommunen ynskjer at det skal vera mellom elev, lærar og heim. Målet er igjen å leggja forholda til rette for det beste for barnet.

**Lærarane** har vore med å jobba fram kva me kan forventa av dei i rolla som lærarar i skulen.

*I Etne jobbar me for at:*

- Læraren viser at han/ho bryr seg om den enkelte elev og legg til rette for at elevane kan utvikle vennskap.
- Læraren har innarbeida gode rutinar for arbeidsro og orden i klassen.
- Læraren startar presis og jobbar for høgt læringsutbytte.
- Læraren skal leggja til rette for læring tilpassa den enkelte elev sine føresetnadar.
- Læraren er engasjert og har tydeleg og positive forventingar til elevane.
- Læraren har ei god oppbygging av øktene
- Læraren legg til rette for å utvikla elevane sine læringsstrategiar.
- Læraren skal jobba for at det er ein god dialog med heimen.
- Læraren skal sjå til at alle kjenner instruksar, ordensreglementet, trivselsreglane og klassereglane, og at dei kjenner konsekvensane av å bryta desse.
- Læraren bidrar i lærargruppa med erfaringar, gode tips og fagleg tyngde.

*Læraren skal leggja vekeplan på Showbie kvar veke.*

**Elevrådet** på skulane i Etne har vore med å jobba fram kva me kan forventa av dei som elevar.

*I Etne jobbar me for at:*

- Eleven skal, saman med dei heime, ta ansvar for å møta på skulen til rett tid, vera utkvilt, har rett utstyr og ha ete frukost.
- Eleven skal vera snille med kvarandre og har ansvar for å vera med på og skapa eit godt lærings-, klasse- og skolemiljø.
- Eleven skal ha ein god dialog med lærar/skulen.
- Eleven skal inkludera alle.
- Eleven skal vera aktivt deltagande i å planleggja, gjennomføra og vurdera si eiga opplæring.
- Eleven skal vera med på å utarbeida reglar for sitt klassemiljø.
- Eleven skal følgje ordensreglementet, skule- og klassereglane.
- Eleven skal gjera pålagde oppgåver.
- Eleven skal saman med dei heime ta ansvar for eigne og andre sine eigedelar.
- Eleven skal ta ansvar for å be om hjelp til det han/ho ikkje forstår og øva på det han/ho ikkje kan.
- Eleven har ansvar for å gi andre arbeidsro.

I møte med elevråda sa dei dette når me snakka om kva som gjorde at dei trivs på skulen. Her er det godt klassemiljø og det å ha venner som er det viktigaste. Det var viktig med friminutt og pausar, og det var alltid noko å finna på. Fleire sa at lærarane var engasjerte og flinke.

**Nøgd med lærarane**

**Venner**

**Noko å gjera på  
Pausar**

**Godt klassemiljø**

**Engasjerte lærarar**

**Aktive økter**

**Alle med alle**

**Kjekke folk**

**Mjølkeordning**

**Foreldre/Føresette (FAU)** på skulane har vore med å jobba fram kva me kan forventa av dei som foreldre/føresette til elevar i skulen:

*I Etne jobbar me for at:*

- Foreldra skal bidra til god kommunikasjon og eit godt samarbeid mellom heim og skule.
- Foreldra skal møta på foreldremøte og foreldresamtalar og gir beskjed om ein ikkje kan møta.
- Foreldra skal framsnakka skulen, medelevar og tilsette.
- Foreldra skal sjå til at barnet møter tidsnok, utkvilt, med matpakke og rett utstyr.
- Foreldra skal læra barnet og ha respekt for eigne og andre sine eidedelar.
- Foreldra skal halda seg godt informert om skulen ved å lesa meldingar i Visma, vekeplanar og andre skriv som blir gitt ut.
- Foreldra skal setja av tid saman med barnet til oppfylgjing av leksearbeid og leggja til rette for positivt læringsutvikling hos barnet.
- Foreldra skal søkja til skulen i god tid om barnet treng permisjon frå skulen.
- Foreldra skal gi beskjed til skulen om det er endringar i barnet sin kvardag som har innverknad på barnet.
- Foreldra skal gi beskjed til skulen når det er endringar i bustad, telefonnummer eller anna.
- Foreldra skal ta kontakt med skulen om barnet er sjuk, eller ikkje kan møta på skulen.  
Dette bør skje seinast 30 minutt før undervisninga startar.
- Foreldra skal ha kjennskap til trivselsreglane ved skulen.




## 5. Kvalitetssystem

Etne kommune som eigar vil følgja opp mål og tiltak knytt til denne kvalitetsplanen, og vil sikra ei felles forståing hjå einingsleiarane. Kommunen vil leggja til rette for kompetanseheving og deling med einingsleiarane og andre tilsette i einingane. Dette vil i hovudsak vera lærande møte og nettverk. Me ynskjer å oppmoda einingsleiarane til å prøva ut ny pedagogikk i tråd med den forskinga som er gjeldande, og knytt til dei utviklingsområda som ligg som føringar i denne planen.

Det å vurdera seg sjølv i einingane handlar ikkje berre om tal. Me ynskjer ein god dialog med einingsleiarane om kvalitetsmålingane. Gjennom strategisk leiing med få og prioriterte utviklingsområde over tid, spissar ein fokuset mot viktige mål. Me og einingsleiarane skal dra saman og i same retning.

Alle skal arbeida kontinuerleg for at læringsmiljøet i eininga skal fremma folkehelse og livsmeistring.

Kommunen vil at kvalitetsplanen dannar grunnlaget for handlingsplanane som blir laga. Det må lagast ein plan for utviklingstida og det må setjast av tid til felles utviklingsarbeid i alle einingane. Kvalitetsvurderingane skal ta utgangspunkt i resultatmålingane. Årsmeldinga, rapporteringa, skal dekkje heile planen, ikkje berre det som blir målt.



## Resultatmål

Forbetring er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid. Skuleeigar har eit lovpålagt ansvar for å følgja opp og setja inn tiltak når ein ikkje er nøgd med tilstanden. Dette vil skje i ein dialog med einingane. Utdanningsdirektoratet opererer med fargane grøn til raud, der målet er å koma på grøn farge på dei ulike indikatorane. Dei brukar verdiane 1 – 5, der grønt nivå er mellom 4,1 – 5,0. Måla har ikkje kommunen skrive inn her, men det skal skje ei utvikling kvart år. Dette betyr at einingane må sjå på kor ein er, og setja seg realistiske mål. Me skal ta steg for steg, så utgangspunktet er der ein er nå i dei ulike utviklingsområda, og så må ein setja seg mål om ei utvikling. Korleis ser det ut? Kva tiltak set me inn for å ta nye steg? Kommunen ynskjer at einingane set seg mål for dei åra som denne planen gjeld for, 2020-2024. Når det gjeld karaktersnittet så har Kommuneplanen lagt nokre føringar. Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både for standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er viktig at einingane arbeider systematisk med kvalitetsutviklinga, og det må leggjast til rette for kollektiv innsikt og felles engasjement.


Utviklingsområde	Ansvar/kjelde	Indikator	Mål
<b>Folkehelse og livsmeistring</b>	Skulen:  Elevundersøkinga (Kvart år, 5. – 10 klasse)	Trivsel	
		Mobbing	
		Støtte frå lærarane	
		Meistring	
		Arbeidsro	
		Motivasjon	
	Skulen:  Spekter (oktober og februar)	Mobbing	
		Venner	
		Arbeidsro	
	Barnehage:  Observasjonar og samtalar	Trivsel	
		Venner	
		Mobbing	
		Motivasjon	
		Læringsmiljø	
	Barnehage og skule:  Ståstadsanalysen (mars 2020, mars 2023)	Praksis i eininga	
		Leiing av gruppe/klasse	
		Vurdering	
		Kulturskulen:  Utviklingssamtale Brukarundersøking	
		Antal barn	
		Trivsel	
		Meistring	
<b>Utviklande læringsfellesskap</b>	Ståstadsanalysen i barnehage og skule (kvart 3.år)	Profesjonsutvikling	
		Korleis er praksisen i eininga?	
		Felles forståing	
		Kultur for deling	
<b>Digital kompetanse</b>	Elevundersøkinga	Kor ofte brukar eleven iPad/pc?	
		Brukar eleven digitale verkty for å læra?	
	Barnehage:  Observasjonar, logg, planar.	Kor ofte blir iPad brukt?	
		Kva samanheng blir iPad tatt i bruk?	

<b>Faglege resultat</b>	Skulen: Nasjonale prøvar	Lesing	
		Rekning	
		Engelsk	
	Skulen: Kartleggingar	Lesing	
		Rekning	
		Engelsk	
	Skulen: Skriftleg eksamen	Norsk	
		Matematikk	
		Engelsk	
<b>Tilpassa opplæring</b>	Skulen: Elevundersøkinga Observasjonar	Motivasjon og læring	
		Medverknad	
		Tilbakemeldingar eleven kan bruka	
		Variasjon i arbeidsformer	
	Barnehage: Foreldreundersøkinga, kartleggingar og observasjonar	Motivasjon og læring	
		Meistring	
	Kulturskulen: Utviklingssamtale Brukarundersøkinga	Utfordringar nok	
		Øving heime	
		Tilbakemelding frå lærar	
	Barnehage og skule: Antal barn med §19 og § 5	Redusere spesialundervisning	
<b>Overgang barnehage – skule</b>	Skule/Barnehagen: Foreldreundersøkinga	Tilvenning og skulestart	
<b>Heim og eining</b>	Skulen: Elevundersøkinga	Interessa frå heimen på skulearbeidet.	
		Støtte frå lærarane.	
	Skulen: Foreldreundersøkinga (2020, 2022, 2024)	Dialog med eininga	
		Trivsel for barnet	
		Motivasjon for barnet	
		Interessa frå heimen	
		Støtte frå lærarane	
		Mobbing	
	Barnehage og skule: Ståtadsanalysen	Samarbeid med heimen	
	Kulturskulen: Utviklingssamtale Brukarundersøkinga	Støtte frå heimen	
		Dialog med kulturskulen	
		Deling av informasjon	
	Barnehage: Foreldreundersøkinga	Relasjon mellom barn og vaksen	
		Trivsel	
		Informasjon, dialog	
		Utviklinga til barnet	
<b>10-faktor</b>	Einingane: Medarbeidarundersøking	Presentasjon av resultat	
		Dialog – felles forståing og forankring	
		Val av bevarings- og utviklingsområde	
		Målsetjing og kriterier for god praksis	
		Tiltak og handlingsplan	

## 6. Litteraturliste

Barnehagelova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>



Rammeplanen til barnehagen:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Opplæringslova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Overordna del til ny læreplan:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/overordnet-del/>

Peter M., S. (1991). *Den femte disiplin*. Oslo: Egmont hjemmets bokforlag.

Rammeplanen til kulturskulen:

<https://www.kulturskoleradet.no/rammeplanseksjonen/rammeplanen>

Kommuneplanen for Etne kommune, samfunnsdel 2016-2026:

<https://www.etne.kommune.no/planar.370914.nn.html>

Ungdata, undersøkinga:

<https://www.etne.kommune.no/ungdata.6250099-431999.html>

BliZ: <https://etne.betreinnsats.no/om-bli-z/>

Udir, ulike undersøkingar: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/bruikerundersokelser/>

10-faktor: <https://www.ks.no/fagområder/forskning-og-utvikling-fou/effektiviseringsnettverkene/10-faktor---ks-medarbeiderundersokelse/>

Takk til elevar for fine teikningar!

